



Smørbukk - alltid like populær lesnad i jula!

- Det er ikkje jul før Nr. 91 Stomperud er i hus, sa tidlegare statsminister Kåre Willoch. EGMONT forlag har lagt ut for sal over 30 julehefte. I samarbeid med Norsk Barneblad finn vi også Smørbukk og Tuss og Troll.

Håkon Aarnæs har sidan 1972 laga tekst og teikningane til Smørbukk. Før den tid var Solveig Muren Sanden fast teiknar i Norsk Barneblad. Ho døydde hausten 2013.

Smørbukk 2014 er delt i to bolkar med ein historie frå samtida og ein del med handling frå 1960 talet.

Den folkekjære teikneseriefiguren Smørbukk er modernisert, men ikkje meir enn at alle kjenner att den litt lubne guten med islenderen og artige påfunn. I år er Smørbukk ute i skogen og oppdagar eit merkeleg dyr, ei kryssing av ein sau og sjiraff. Med mange forviklingar er det ein alpukka han dreg til bygdars.

Vi seier som Willoch: Ikkje jul utan julehefte og ein teikneserie.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal
 Nett: Thor Inge Døsland